

SAK 26/16 INNSPEL TIL REVIDERING AV LANGSIKTIG VIDAREGÅANDE SKULETILBOD I BUSKERUD

Forslag til innspel

1. Hallingdal har gode vidaregåande skular med 12 av 12 utdanningsprogram og tilbod om påbygg til studiekompetanse. Dette er utan tvil ei styrke for Hallingdal som typisk distriktsregion, og som har vore med på å gje Hallingdal ei positiv utvikling. For Hallingdal spelar dei vidaregåande skulane ein svært viktig rolle - ikkje berre som ein utdanningsinstitusjon. Gode vidaregåande skular med eit breitt tilbod er viktige parameter for attraktivitet i forhold til rekruttering/busetting og utvikling av næringslivet. Dei vidaregåande skulane er viktige arbeidsplassar for folk med høgare utdanning og betyr relativt sett meir i ein distriktsregion med mindre tilfang av arbeidsplassar som krev høgare utdanning.

Utfordringane i forhold til regional utvikling og regionale arbeidsmarknadar kan ha mange ulike innfallsvinklar med store regionale forskjellar, som det er avgjerande at det blir teke omsyn til. For Hallingdal er ei av dei desidert største utfordringane å rekruttere eigen ungdom inn i arbeidslivet i Hallingdal. Sjølv om Hallingdal ikkje er verst stilt som distriktsregion, «mistar» me alt for mange ungdommar som aldri kjem attende. Årsakene er samansette, men det er utan tvil slik at eit godt og breitt tilbod innan vidaregåande utdanning er ein svært viktig faktor, for at fleire av våre ungdommar blir i regionen eller kjem attende etter avslutta utdanning.

Utdanninga i Hallingdal må som i dag til ein viss grad tilpassast næringslivet og det offentlege sitt behov. I denne samanheng er det viktig å klargjera behov og det må synleggjerast/marknadsførast endå sterkare enn i dag, sjølv om det blir gjort mykje godt arbeid. Det bør leggjast til rette for at dei vidaregåande skulane i endå større grad samarbeida aktivt med næringslivet og kommunane. Rettleiing må i større grad gjerast meir relevant i forhold til næringslivet og offentleg sektor sine behov, meir arbeidsmarknadsretta rettleiing/rådgjeving. Dei vidaregåande skulane må bli ein sterkare regional utviklingsaktør.

2. For Hallingdal med store avstandar til alternative skulestadar er det svært viktig med eit breitt skuletilbod. Elevane understrekar at motivasjon er avgjerande viktig for gjennomføringa, tilbod av gode valmogelegheiter er her ein viktig føresetnad. Me må sikre at vår ungdom har høve til å koma inn på alle typar høgare utdanning og kunne få spesiell studiekompetanse. Det er også viktig at dei som ynskjer ein alternativ måte å få studiekompetanse på, kan få det i Hallingdal.

For Hallingdal som region er det viktig å behalde flest mogeleg ungdommar frå denne aldersgruppa i regionen, medan dei er i vidaregåande opplæring, både med tanke på deira viktige bidrag i lokalmiljø, idretts- og kulturliv, og for å auke sjansane for at dei blir i Hallingdal/kjem attende til regionen etter fullført utdanning. Det er såleis heilt nødvendig med eit breitt fagtilbod både på studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Hallingdal treng handverkarar av ulike slag og gode fagfolk til reiselivsnæringa. I tillegg treng regionen folk med høgare utdanning til helseteneste, utdanning, offentleg forvaltning og privat næringsliv.

Dei vidaregåande skulane i Hallingdal ligg svært godt an når det gjeld gjennomføring, fullført og bestått. Det er ikkje vanskeleg å tenkje seg at dess tala ville sett heilt annleis ut for våre unge, dersom dei må reise langt heimanfrå for å få vidaregåande opplæring. Eit breitt tilbod i Hallingdal basert på regionen sine behov og elevane sine ynskje er difor heilt nødvendig for ei vidare positiv utvikling i Hallingdal.

3. Hallingdal må ha eit breitt tilbod innan både studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram. Tilboda om både generell og spesiell studiekompetanse må halde fram, dette er svært viktig også i framtida.
Det må vera eit klart mål å oppretthalde eit like godt tilbod som Hallingdal har i dag innan vidaregåande utdanning. For å få dette til må det kanskje vera ein større grad av fleksibilitet noko det er ei klar oppfatning om at dei vidaregåande skulane er innstilt på. Dette gjeld både i forhold til at halve klassar kan utgjera ein klasse i fellesfag og eit tett samarbeid mellom Gol og Ål.
I tillegg bør det vera aktuelt å prøve ut modellar med eit tettare samarbeid mellom skulane, næringsliv og kommunane. Kanskje tida er inne til å utfordre i forhold til alternative måtar for organisering og samarbeid med næringslivet. Dette kan gjelde t.d. kompetanse, lokalitetar og utstyr. Som ein del av partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal der utdanning er eit område, vil det vera naturleg med eit tettare samarbeid for å koma fram til gode løysingar, ref. pkt. 10. Målsettinga må vera å finne løysingar til beste for regionen og elevane, der 15 eller ingenting ikkje må vera så styrande for skular i distrikta.
4. Det er eit paradoks at Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet ikkje klarar å rekruttere fleire elevar til restaurant og matfag. Regionrådet er godt kjent med det aktive arbeidet både reiselivsnæringa, dei vidaregåande skulane i Hallingdal og fylkeskommunen har gjort for å styrke den lokale rekrutteringa til reiselivet.
Reiselivsnæringa har eit stort behov for kokkar og servitørar. Regionen har mange læreplassar fordelt på fleire av landets beste hotellkjøkken - berre Geilo kunne ta i mot ein klasse. Det er heilt nødvendig for utviklinga av reiselivsnæringa å oppretthalde og utvikle dette fagområdet. Dersom det skulle bli aktuelt å samle fagmiljøet på færre stader, må Hallingdal vera ein naturleg plass for dette.
Regionrådet for Hallingdal ser klart at det må til ein ekstra innsats for at restaurant og matfag skal ha livets rett. I denne samanheng ynskjer Regionrådet for Hallingdal saman med reiselivsnæringa å vera ein aktiv medspelar for å få eit endå sterkare fokus på dette utdanningstilbodet, gjerne gjennom eit nærare definert prosjekt, ref. pkt.10. Dette kan og gjelde andre område. Og i forhold til Design og handverk må det søkjast andre måtar å samarbeide og organisere opplæringa på, for å bevare og vidareutvikle fagområdet.
5. Det blir stilt spørsmål ved om naturbruksutdanninga ved Ål vgs bør leggst ned og samle naturbrukstilbodet ved Rosthaug. Dette med bakgrunn i at stadig færre elevar søker denne utdanninga og at er føresett ein nedgang i elevtalet i Hallingdal. For Hallingdal med ei stor og viktig primærnæring er naturbruksutdanninga eit opplæringstilbod som må oppretthaldast. Det bør kanskje vurderast nye modellar/løysingar der Regionrådet for Hallingdal ynskjer å vera ein aktiv part, ref. pkt. 10.
6. Det vil kanskje koste noko ekstra at elevane kan bu heime, og få si utdanning i Hallingdal. Men det eit godt utbygd skuletilbod kostar ekstra i form av halve klassar og alternative opplæringsløp, er betre for den enkelte elev, for lokalmiljøa i regionen og på sikt også meir lønsamt samfunnsøkonomisk. Det er også eit viktig verkemiddel for at så mange som

mogeleg av ungdommane kjem tilbake til heimstaden etter fullført utdanning. Og det vil bli ein langt større kostnad både økonomisk og menneskeleg, at ungdom ikkje gjennomfører, fullfører og består.

Ut frå fylkeskommunale strategiar og planer for næring, busetting og utvikling i dei ulike regionane i Buskerud må det vera ei differensiert tenking om skuletilbod i byar og bynære strøk versus skuletilbod i Hallingdal og Numedal. Dette må sjåast på som ei investering.

7. Enkelte utdanningsprogram har relativt få elever. Det blir sagt at med SSB si befolkningsframskrivning synes det vanskeleg å klare å oppretthalde eit såpass breitt tilbod i Hallingdal i framtida. *«Det er rett og slett ikke søkere nok til et så bredt tilbud som Hallingdal har i dag. Spørsmålet er dermed hvilke kjernetilbud som det er viktig å opprettholde i Hallingdal i et lengre perspektiv, av hensyn til offentlig og privat arbeidslivs behov for arbeidskraft, tjenestetilbud til innbyggerne og utvikling i Hallingdal?»*

Og: *«Som det går fram av tabellen er elevgrunnlaget i Hallingdalsregionen synkende. Ifølge SSBs prognoser synker det kraftig fra 2016 til 2017, har så en svakt synkende tendens i årene etter det, for så å få et kraftig fall igjen i 2030.»*

Her kan det vera på sin plass å peike på at ved middels nasjonal vekst er det lågaste talet i 2030 og så vil talet auke fram mot 2040. Med høg nasjonal vekst blir resultatet eit heilt anna. Regionrådet for Hallingdal vil be om at denne type framskrivingar må nyttast med stor varsemd, dette er prognosar!

8. Det er avgjerande at fylkeskommunen sine einingar med ansvar for regional utvikling samarbeida godt internt og eksternt med andre aktørar, om kompetanseutvikling i ein regional arbeidsmarknad.
9. For regionar som Hallingdal med store avstandar er det for mange elevar lange dagar der busskøyning er ein del av skuledagen. For mange er det timar med busskøyning og venting. Som Buskerud fylkeskommune er kjent med er det for enkelte område tilbod som langt frå er akseptable. Dette er ikkje akseptabelt for elevane, det går utover prestasjonar og det er med på å styre utdanningsval. Regionrådet for Hallingdal forventar at det kjem på plass gode løysingar frå hausten 2016.
10. I samband med prosess og organisering av arbeidet er det med ei viss forundring Regionrådet for Hallingdal registrerar at vedteken partnerskapsavtale mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal ikkje er nemnt med eit ord. Gjeldande partnerskapsavtale 2015 – 2016 inneheld tre samarbeidsområde; regionalutvikling, samferdsel og utdanning. I avtala står det m.a. under satsingsområde: «Utvikling av tilbod vgs i nært samarbeid med Hallingdal». Dersom det er eit reelt partnerskap burde Regionrådet for Hallingdal vore mykje meir delaktig i det innleiande arbeidet og ein part i prosessen, ikkje berre ein høyringsinstans. Dette må rettast opp i det vidare arbeidet.

Saksopplysning

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å revidere den langsiktige planen for det offentlige vidaregåande skuletilbudet i Buskerud. Hovudutvalet for utdanningssektoren vedtok i januar 2016 mandat for arbeidet, vedlegg 3 (vedtak vart som forslag til vedtak).

Hovudutvalet for utdanningssektoren har godkjent forslag til mandat for arbeidet som er definert slik:

Mål

Målet med arbeidet er å revidere gjeldende plan for helhetlig og langsiktig skoletilbud 2014-2017 slik at revidert plan:

- *Understøtter prinsippene i Kunnskapsskolen i Buskerud.*
- *Gir retning og forutsigbarhet for de årlige dimensjonerings av skoletilbudet.*
- *Sikrer sammenheng mellom skoletilbud og vedtatte investeringsplaner for skolebygg.*
- *Harmonerer med utdanningssektorens økonomiske driftsrammer på kortere og lengre sikt og bidrar til vedtatte innsparinger i driften.*
- *Legger til rette for samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbud og læringsarenaer.*

Grunnleggende prinsipp:

Det bør være et tilstrekkelig bredt vg1 tilbud i alle regioner slik at flest mulig får tilbud i nærmiljøet. Det må likevel være mulig å vurdere tilbud med synkende søkertall, og der nærings- og arbeidslivets behov er nedadgående. Det legges til grunn en ulik bredde og et ulikt omfang vg2 tilbud i regionene.

"Temaskoler"/sterke fagmiljøer kan vurderes i regioner. Nærhet til utdanning er viktig for rekruttering, og for lokalt arbeidsliv ved at den videregående opplæringen klarer å møte arbeidslivets behov for kompetanse.

For å understøtte både elevenes ønsker, nærings- og arbeidslivets behov, og fylkeskommunens strategier og planer for næring, bosetting og utvikling i de ulike regionene i Buskerud, bør det legges til grunn en noe differensiert tenking om skoletilbud i byer og bynære strøk versus skoletilbud i Hallingdal og Numedal. Det skal tilstrebes mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag, og elevenes forutsetninger.

Følgjande premissar er lagt til grunn for arbeidet:

- *Opplæringsloven med forskrifter inkludert forskrift om inntak til videregående opplæring i Buskerud fylkeskommune.*
- *Fylkestingets vedtatte investeringsplaner for skolebygg.*
- *Fylkestingets vedtatte innsparingskrav i utdanningssektorens driftsramme.*
- *Elevvekst, og da særlig elevveksten i Drammensregionen som krever kapasitetsøkning etter 2020.*
- *Nærings- og arbeidslivets behov fremover.*
- *Kunnskapsskolen i Buskeruds intensjon om at tilbud må kunne dimensjoneres opp eller ned ved en skole uten store behov for utstyr og investeringer.*
- *Regional plan for Kunnskapssamfunnet.*
- *Samarbeidsmuligheter med privat og offentlig arbeidsliv.*
- *Eventuelle nasjonale endringer i tilbudsstrukturen etter Meld. St. 20 (2012-2013) "På rett vei".*
- *Oppfølgingen av NOU 2015:8 - Fremtidens skole.*

Prosess:

Fylkestinget har forutsatt bred involvering i arbeidet med planen, noe som er viktig for å sikre best mulig forankring av planen før vedtak i fylkestinget. Det foreslås derfor at saken behandles i fylkestinget i desember parallelt med Handlingsprogram for 2017-2020.

Interessenter knyttet til langsiktig skoletilbud kan være mange. De viktigste synes å være: elevene, partene i arbeidslivet, ledelse og ansatte ved de videregående skolene, kommunene, bransjer/bedrifter, offentlige arbeidsgivere. De fleste må være representert i arbeidsgruppen som skal gjennomføre arbeidet.

For å sikre bred involvering gjennom hele prosessen foreslås det bruk av innspillmøter i en tidlig fase i arbeidet, og formell skriftlig høring fulgt av høringsmøter i den avsluttende fasen av arbeidet. Internt orienteres det jevnlig om status i arbeidet i Yrkesopplæringsnemnda, Hovedutvalget for utdanningssektoren, Hovedutvalget for miljø, innovasjon og næring, og i informasjons- og drøftingsmøte med de hovedtillitsvalgte.

Organisering av arbeidet:

Arbeidet organiseres med en arbeidsgruppe ledet fra utdanningsavdelingen og sammensatt med representanter fra:

- Utdanningsavdelingen (3)
- Utviklingsavdelingen (1)
- Rektorer (1)
- Partene i arbeidslivet – LO, NHO og KS i Buskerud med en representant hver.
- Hovedtillitsvalgte (1)
- Elevrepresentant (1)

Planen skal angi en strategi for utvikling av skoletilbudet, men skal ikke gå ned på detaljnivå. Planen skal behandles politisk i fylkeskommunen i løpet av høsten 2016 etter en bred skriftlig høringsrunde. I tillegg til innspillene i selve regionrådsmøtet, setter vi pris på for den videre saksbehandling også å motta innspillene skriftlig, gjerne via regionrådskontakten.

Buskerud fylkeskommune har arrangert innspelsmøter der det i innleiande notat (vedlegg 1) er lista opp generelle spørsmålsstillinger og aktuelle problemstillinger for Hallingdal.

I samband med Hallingtinget 29.4.2016 var det drøfting av saka «innspelsmøte», der det m.a. kom fram følgjande synspunkt:

- Svært viktig for Hallingdal å oppretthalde utdanningsprogramma.
- Gode tilbud gjev stor grad av gjennomføring
- At ungdom kan bu heime er god førebygging
- Viktig for Hallingdal som attraktiv region at vidaregåande skule har best mogleg tilbod
- Legge til rette for sterkare samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbod og læringsarenaer.
- Større fleksibilitet i forhold til studietilbod og organisering

På Hallingtinget vart det også gjort slikt vedtak:

Regionrådet for Hallingdal skal arrangera eit «høyringsmøte» med aktuelle partar frå m.a. skule og næringsliv. Regionrådet skal handsame uttale til langsiktig skuletilbod på møte 27.mai 2016.

Regionrådet for Hallingdal arrangerte høyringsmøte 18.5.2016, der representantar frå næringslivet, Hallingdal opplæringskontor og dei vidaregåande skulane i Hallingdal deltok (totalt 20 stk). Her kom det fram mykje nyttig informasjon og synspunkt som er nytta i det vidare arbeidet med uttale.

Vurdering

I samband med prosess og organisering av arbeidet er det med ei viss forundring dagleg leiar registrerar at vedteken partnerskapsavtale mellom Buskerud fylkeskommune og Regionrådet for Hallingdal ikkje er nemnt med eit ord. Gjeldande partnerskapsavtale 2015 – 2016 inneheld tre samarbeidsområde; regionalutvikling, samferdsel og utdanning. I avtala står det m.a. under satsingsområde: «*Utvikling av tilbod vgs i nært samarbeid med Hallingdal*». Dersom det er eit reelt partnerskap burde Regionrådet for Hallingdal vore mykje meir delaktig i det innleiande arbeidet og ein part i prosessen, ikkje berre ein høyringsinstans. Dette må rettast opp i det vidare arbeidet.

Etter dagleg leiar si vurdering er det og avgjerande at fylkeskommunen sine einingar med ansvar for regional utvikling samarbeida godt internt og eksternt med andre aktørar om kompetanseutvikling i ein regional arbeidsmarknad.

Det blir stilt spørsmål som: «*Hvordan kan vi møte arbeidslivets behov for arbeidskraft; volum og kompetanse i fremover? Skal læreplass/arbeidsmarkedssituasjonen i regionen eller elevenes ønsker om utdanning styre skoletilbudet?*»

Ofte kan det verke som om kompetansepolitikken er for sektordelt, og det er for svak koordinering av nasjonale reformar og strategiar. Det er registrert at det frå sentralt hald er ei auka bekymring for at tilbodet av kompetent arbeidskraft ikkje korrespondera med etterspørselen frå næringsliv og offentlig sektor. Etter dagleg leiar sitt syn er det ei utfordring at det er vanskeleg å rekruttere arbeidskraft med relevant kompetanse til fleire yrkesgrupper.

Sjølv om dei regionale arbeidsmarknadane er ulike er utfordringane i stor grad dei same. I det strategiske arbeidet må det takast utgangspunkt i ei problemforståing som er omfattande og kompleks. Utfordringane i forhold til regional utvikling og regionale arbeidsmarkadar kan ha mange ulike innfallsvinklar med store regionale forskjellar, som det må takast omsyn til.

Ungdommen sine val ved inngangen til vidaregåande skule og faktorar som påverkar desse, er viktig for å forstå utfordringane. Det blir i ulike samanhengar peika på at rådgjevarane har for lite kompetanse og kapasitet for aktiv og relevant rettleiing av ungdommane. Lærarane og rettleiarane klarar ikkje alltid å fange opp kvar enkelt elev sine evner og ferdigheiter. Rettleiing må i større grad gjerast meir relevant i forhold til næringslivet og offentlig sektor sine behov, meir arbeidsmarknadsretta rettleiing/rådgjeving.

Ofte har ikkje elevane særleg stor innsikt i arbeidslivet. Foreldre kan vera ein viktig premissgjevar og det er eit faktum at mange utdanningsval blir gjort ut frå popularitetsbølger.


Utdanninga i Hallingdal må som i dag til ein viss grad tilpassast næringslivet og det offentlege sitt behov. I denne samanheng er det viktig å klargjera behov og det må synleggjerast/marknadsførast endå sterkare enn i dag, sjølv om det blir gjort mykje godt arbeid. Det bør leggjast til rette for at dei vidaregåande skulane i endå større grad samarbeida aktivt med næringslivet og kommunane. Dei vidaregåande skulane må bli ein sterkare regional utviklingsaktør. Kanskje dette er endå viktigare i distriktsregionar som Hallingdal. Kanskje tida er inne til å utfordre i forhold til alternative måtar for organisering og samarbeid med næringslivet. Dette kan gjelde t.d. kompetanse, lokalitetar og utstyr.

I notat vedlegg 1 er det nytta SSB sine prognoser for å vurdere folketalsutviklinga i Hallingdal for aldersgruppa 16 – 18 år fram til 2030.

Det står: Som det går fram av tabellen er elevgrunnlaget i Hallingdalsregionen synkende. Ifølge SSBs prognoser synker det kraftig fra 2016 til 2017, har så en svakt synkende tendens i årene etter det, for så å få et kraftig fall igjen i 2030

Enkelte utdanningsprogram har relativt få elever. Det blir sagt at med SSB si befolkningsframskrivning synes det vanskeleg å klare å oppretthalde eit såpass breidt tilbud i Hallingdal i framtida. «Det er rett og slett ikke søkere nok til et så bredt tilbud som Hallingdal har i dag. Spørsmålet er dermed hvilke kjernetilbud som det er viktig å opprettholde i Hallingdal i et lengre perspektiv, av hensyn til offentlig og privat arbeidslivs behov for arbeidskraft, tjenestetilbud til innbyggerne og utvikling i Hallingdal?»

Her kan det vera på sin plass å peike på at ved middels nasjonal vekst er det lågaste talet i 2030 og så vil talet auke fram mot 2040. Med høg nasjonal vekst blir resultatet eit anna. Poenget er at denne type framskrivingar må nyttast med stor varsemd.



Det blir stilt spørsmål ved om Musikk, dans og drama som over tid samla har hatt ein nedgang i søkning, bør samlast ved St. Hallvard vgs, som har nytt bygg til dette utdanningsprogrammet. Av dei studieførebuande utdanningsprogramma har Gol vgs lang erfaring med halve klassar på Idrettsfag og Musikk, dans og drama (som utgjør ein klasse i fellesfaga). Dette er ein robust konstruksjon og har alltid fulle klassar på Vg1 og ein så høg oppfyltingsgrad på Vg2 og Vg3 at få utdanningsprogram kan måle seg med dette. Distriktpolitisk er dette ein god kombinasjon og eit godt alternativ som gir generell studiekompetanse.

Det er eit paradoks at Hallingdal som den største reiselivsregionen i landet har låg søkning på t.d. Restaurant- og matfag (RM) i forhold til volumet på tilbodet. Det har tidligare år vore jobba aktivt frå både reiselivsnæringa, dei vidaregåande skulane i Hallingdal og fylkeskommunen for å styrke den lokale rekrutteringa til reiselivet, utan at det har lykkast. Samtidig blir det tydeleg signalisert om mykje større behov for lærlingar ved hotella i Som reiselivsregion har Hallingdal stort behov for kokkar og servitørar. Regionen har mange læreplassar fordelt på fleire av landets beste hotellkjøkken. Det er heilt nødvendig for

utviklinga av reiselivsnæringa å oppretthalde og utvikle dette fagområdet. Dersom det skulle bli aktuelt å samle fagmiljøet på færre stader, må Hallingdal vera ein naturleg plass for dette.

Det blir stilt spørsmål ved om naturbruksutdanninga ved Ål vgs bør leggst ned og samle naturbrukstilbodet ved Rosthaug. Dette med bakgrunn i at stadig færre elevar søker denne utdanninga og at er føresett ein nedgang i elevtalet i Hallingdal. For Hallingdal med ei stor og viktig primærnæring er naturbruksutdanninga eit opplæringstilbod som må oppretthaldast i ei eller annan form.

Ål 21.5.2016

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Brev frå Buskerud fylkeskommune, dat. 14.4.2016
Invitasjon til innspill til revidering av langsiktig videregående skoletilbud i Buskerud
- Vedlegg 2: Oversikt over lærekontraktar i Hallingdal
- Vedlegg 3: Hovudutvalet for utdanningssektoren 19.01.2016, sak mandat for arbeidet



Regionrådet for Hallingdal

Torpomoen 27
3579 TORPO

Vår dato: 14.04.2016
Deres dato:

Vår referanse: 2015/4884-10
Deres referanse:

Vår saksbehandler:
Tore Midtbø, tlf. 31002883

Invitasjon til innspill til revidering av langsiktig videregående skoletilbud i Buskerud

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i desember 2015 å revidere den langsiktige planen for det offentlige videregående skoletilbudet i Buskerud. Hovedutvalget for utdanningssektoren vedtok i januar 2016 mandat for arbeidet. Etter avtale møter representanter for arbeidsgruppa som skal utarbeide forslag til ny langsiktig plan for det videregående skoletilbudet i Buskerud i regionrådsmøtet den 29. april for å orientere kort om arbeidet med planen og ta imot innspill fra rådet.

Rammer for revideringen av det langsiktige skoletilbudet:

Langsiktig plan skal:

- Legge til rette for samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbud og læringsarenaer.
- Gi retning og forutsigbarhet for de årlige dimensjoneringene av skoletilbudet.
- Ha sammenheng med fylkestingets vedtatte investeringsplaner for skolebygg.
- Holde seg innenfor vedtatte økonomiske rammer for drift, inkludert vedtatte innsparingskrav.

Rammefaktorene skaper behov for stram prioritering.

Planen skal angi en strategi for utvikling av skoletilbudet, men skal ikke gå ned på detaljnivå. Planen skal behandles politisk i fylkeskommunen i løpet av høsten 2016 etter en bred skriftlig høringsrunde. I tillegg til innspillene i selve regionrådsmøtet, setter vi pris på for den videre saksbehandling også å motta innspillene skriftlig, gjerne via regionrådskontakten.

Formål med innspillmøter:

Å få tilbakemeldinger fra lokale interessenter om hvor godt nåværende videregående skoletilbud er tilpasset lokale behov, og få eventuelle forslag og synspunkter på endringer i tilbudene, begrunnet i lokalt utdanningsbehov, arbeids- og næringsliv.

Generelle spørsmålsstillinger til innspillmøter:

- Hvordan kan vi møte arbeidslivets behov for arbeidskraft; volum og kompetanse i fremover?
- Skal læreplass/arbeidsmarkedssituasjonen i regionen eller elevenes ønsker om utdanning styre skoletilbudet?
- Hva med utstyr og kompetanse på en skole? Finnes det muligheter for samarbeid mellom arbeidsliv og videregående skoler om f eks utstyr, arealer og kompetanse i regionen?
- Er det opplæring som nærliggende videregående skoler burde samarbeide om på andre måter enn i dag?
- Hva bør skje med tilbud i regionen som har dårlig søkning?
- Er det noen regionale tilbud som har for dårlig kapasitet?
- Er det noen utdanningsprogram eller Vg2-tilbud som absolutt burde finnes i regionen som ikke er der i dag, begrunnet i hvilket behov?
- Bør noen lokale tilbud fases ut for å kunne styrke andre tilbud i regionen?

Det vil også bli holdt innspillmøter med skolemiljøutvalgene ved Ål og Gol videregående skoler, og med næringslivsforeninger og representanter for industri i området. I tillegg vil også opplæringskontorene i Buskerud gi sine innspill.

Aktuelle problemstillinger for regionen:

Videregående opplæring i Hallingdalsregionen dekkes først og fremst av Ål og Gol videregående skoler.

Arbeidsmarkedet i regionen er forholdsvis avgrensa, selv om det fins muligheter for pendling i retning Ringerike. Tilgangen til læreplasser synes i hovedsak å være tilfredsstillende. Oversikt over lærlinger og lærebedrifter i regionen følger som vedlegg til denne framstillingen.

Rekruttering fra kommunene i Hallingdals-regionen til videregående skoler skoleåret 2015/16:

Kommune:	HOL	ÅL	GOL	HEMSEDAL	NES	FLÅ	
Skole:							
Gol vgs	66	88	89	56	81	6	386
Ål vgs	37	62	60	27	36	2	224

Ringerike vgs	1	3	1			8	13
Hønefoss vgs	2	3	3		4	19	31
Rosthaug vgs		1			1	1	3
Kongsberg vgs	5		2		1		8
Åssiden vgs	2	1	3		3		9
Lier vgs			2	1			3
St. Halvard vgs			1	1			2
Drammen vgs				1			1
	113	158	161	86	126	36	680

De fleste elever fra Hallingdalskommunene velger en av skolene i Hallingdal, bortsett fra i Flå, der storparten (75%) velger å gå på skole i Hønefoss.

Kommunetilhørighet for elevene som går på skolene i Hallingdalsregionen skoleåret 15/16:
(ikke medtatt elever med omfattende behov for spesialundervisning)

Skole:	GOL	ÅL
Tot. Elever		
Kommune:		
Gol	89	59
Hol	66	37
Nes	81	36
Ål	88	62
Hemsedal	56	27
Flå	6	2
Ringerike	2	2
Sigdal	1	1
Røyken		
Krødsherad		
Ringerike		
Lier		
Hole		
Nedre Eiker	1	2

Hurum		
Drammen		1
Modum		
Flesberg	1	
Nore og Uvdal	3	2
Rollag	2	
Andre fylker	3	6
	399	238

Oversikten viser at rekrutteringa til de videregående skolene i Hallingdal så å si utelukkende er lokal.

Etter noen få år med fritt skolevalg, skal ungdommene fra 2016/17 igjen søke til nærmeste skole som har det tilbudet de ønsker.

Avstander til andre aktuelle videregående skoler:

	Fra Ål vgs	Fra Gol vgs
Til Ringerike og Hønefoss vgs	144 km	113 km
Til Rosthaug vgs	167 km	145 km
Til Åssiden vgs	194 km	175 km
Til Drammen vgs	202 km	181 km
Til Kongsberg vgs	204 km	182 km
Til Numedal vgs	111 km	80 km (via bomvei Haglebu-Rødberg)

Utdanningsprogram, elevtall og oppfylling 2015-16:

Programområde	Skole	Trinn	Kapasitet	Elevtall 1.10.15	Ledige plasser
BAT - Bygg og anleggsteknikk	Ål	Vg1	30	25	5
Byggteknikk	Ål	Vg2	15	15	0
EL - Elektrofag	Ål	Vg1	15	15	0
Elenergi	Ål	Vg2	15	14	1
HO - Helse- og oppvekstfag	Ål	Vg1	30	29	1
Barne- og ungdomsarbeiderfag	Ål	Vg2	15	15	0
Helsearbeiderfag	Ål	Vg2	15	15	0
ID - Idrettsfag	Gol	Vg1	15	16	-1
Idrettsfag	Gol	Vg2	15	15	0

Idrettsfag	Gol	Vg3	15	15	0
DH - Design og håndverksfag	Gol	Vg1	15	13	2
SA – Service og samferdsel	Ål	Vg1	15	10	5
Salg, service og sikkerhet	Ål	Vg2	15	14	1
MDD – Musikk, dans og drama	Gol	Vg1 Drama	15	13	2
Drama	Gol	Vg2	15	11	4
Drama	Gol	Vg3	15	13	2
SSP - Studiespesialisering	Gol	Vg1	81	82	-1
St.spes. realfag	Gol	Vg2	46	39	7
St.spes. realfag	Gol	Vg3	48	34	14
St.spes. språk, samf.fag, økonomi	Gol	Vg2	35	30	5
St.spes. språk, samf.fag, økonomi	Gol	Vg3	60	72	-12
Påbygg studiekomp.	Ål	Vg3	23	23	0
Påbygg e yrkeskomp	Ål	Vg3	7	7	0
RM – Restaurant- og matfag	Gol	Vg1	15	8	7
Kokk- og servitørfag	Gol	Vg2	15	5	10
Matfag	Gol	Vg2	0	3	-3
TIP – Teknikk og industriell produksjon	Ål	Vg1	30	27	3
Kjøretøy	Ål	Vg2	15	12	3
Industriteknologi	Ål	Vg2	7	7	0
NA - Naturbruk	Ål	Vg1	15	7	8
Landbruk og gartneri	Ål	Vg2	15	6	9
MK – Medier og kommunikasjon	Gol	Vg1	15	12	3
Medier og kommunikasjon	Gol	Vg2	15	10	5
Studieforberedende medier og kommunikasjon	Gol	Vg3	15	12	3
			727	643 – 88,45%	84 – 11,55%

De videregående skolene i Hallingdal har i dag 12 av de 12 utdanningsprogrammene som fins. Naturbrukstilbudet ved Ål gis på avdeling Lien på Torpo. Til sammenlikning har Ringeriksregionen 11 av 12 program, region Midt-Buskerud 10 av 12 og Kongsbergregionen 11 av 12. Drammen og Vestviken har også 11 av 12 program.

Tilbud med lav oppfylling skoleåret 15/16:

Gol vgs har halve klasser i Musikk, dans, drama, og Idrettsfag, noe som derfor gjør at det er bra oppfylling på de to utdanningsprogrammene. Dette krever imidlertid mer ressurser pr. elev enn 30-elevs klasser på programområdene.

Vg1-kursene i Bygg- og anleggsteknikk og Service og samferdsel på Ål har bare 2/3 kapasitetsutnyttelse. Restaurant- og matfag på Gol har 14 ledige plasser på to klasser. Også Medier og kommunikasjon på Gol er et stykke unna god oppfylling. Naturbruk på Ål har 17 ledige plasser på to klasser.

Til klassene i Naturbruk på Ål er det for skoleåret 2016-17 slik søking:

	Primærspøkere med ungdomsrett	Primærspøkere totalt
NA Naturbruk, fjellandbruk Vg1 (15 plasser)	4	5
Landbruk og gartneri Vg2 (15 plasser)	4	5
Søkere totalt (30 plasser)	8	10
Ledige plasser	22	20

For skoleåret 2016-17 foreslås det på bakgrunn av det lave søkertallet å redusere tilbudet på Naturbruk på Ål til to halve klasser.

Utvikling av størrelse på ungdomskullene

		2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Flå	16 år	11	15	15	7	10	10	12	12	8	14	7	9	9	9	11	10	7
	17 år	10	11	15	14	7	9	10	12	12	8	14	7	9	9	8	11	10
	18 år	14	10	10	14	14	7	10	10	11	12	8	14	7	8	9	8	11
Nes	16 år	53	51	44	35	38	49	34	39	47	39	39	42	30	36	40	33	34
	17 år	39	51	49	43	35	38	48	34	39	47	38	39	42	30	36	40	33
	18 år	39	39	50	48	42	35	37	47	34	39	46	38	39	42	30	35	39
Gol	16 år	65	61	62	61	55	56	49	64	68	57	54	53	57	57	47	53	46
	17 år	47	64	60	60	60	55	55	48	62	66	57	53	53	57	57	47	51
	18 år	55	46	62	59	60	59	54	54	48	61	65	56	53	52	55	56	47
Hemsedal	16 år	36	38	31	24	34	31	27	28	30	27	36	33	30	41	38	33	30
	17 år	28	36	38	31	23	33	31	27	28	30	27	36	33	31	40	37	33
	18 år	26	28	34	36	30	24	32	30	27	28	30	27	35	33	31	40	37
Ål	16 år	65	55	71	51	71	66	61	67	69	60	77	62	66	62	61	57	51
	17 år	65	64	55	71	51	70	67	62	66	69	59	76	61	65	62	61	57
	18 år	69	64	63	55	70	51	70	66	60	65	67	59	74	60	64	61	61
Hol	16 år	56	45	50	60	42	55	50	50	42	51	37	54	36	43	42	38	37
	17 år	47	54	44	50	60	42	53	49	50	42	51	37	52	36	42	41	38
	18 år	50	46	54	44	48	58	41	53	49	48	41	49	37	52	36	42	40
Hallingdal	Sum	775	778	807	763	750	748	741	752	750	763	753	744	723	723	709	703	662
	Vekst			3,7 %	-5,5 %	-1,7 %	-0,3 %	-0,9 %	1,5 %	-0,3 %	1,7 %	-1,3 %	-1,2 %	-2,8 %	0,0 %	-1,9 %	-0,8 %	-5,8 %
	Akk vekst			3,7 %	-1,7 %	-3,4 %	-3,7 %	-4,6 %	-3,1 %	-3,4 %	-1,7 %	-3,0 %	-4,2 %	-7,0 %	-7,0 %	-8,9 %	-9,8 %	-15,6 %

Som et gjennomsnitt av tre årskull 16-18 år går om lag 85-86% i videregående skole.

Som det går fram av tabellen er elevgrunnlaget i Hallingdalsregionen synkende. Ifølge SSBs prognoser synker det kraftig fra 2016 til 2017, har så en svakt synkende tendens i årene etter det, for så å få et kraftig fall igjen i 2030

Aktuelle problemstillinger

Hallingdal har 12 av 12 utdanningsprogram samt tilbud om påbygg til studiekompetanse.

Enkelte utdanningsprogram har relativt få elever. Med SSBs befolkningsframskrivninger synes det vanskelig å klare å opprettholde et såpass bredt tilbud i Hallingdal i fremtiden. Allerede for skoleåret 2016/17 er det så mange færre søkere i Hallingdal at det foreslås nedlagt flere klasser ved de to skolene. Det er rett og slett ikke søkere nok til et så bredt tilbud som Hallingdal har i dag.

Spørsmålet er dermed hvilke kjernetilbud som det er viktig å opprettholde i Hallingdal i et lengre perspektiv, av hensyn til offentlig og privat arbeidslivs behov for arbeidskraft, tjenestetilbud til innbyggerne og utvikling i Hallingdal?

Ved Rosthaug vgs. sitt naturbrukstilbud ved avdeling Buskerud er det de senere årene investert betydelige beløp i internat, stall/ridehall og anleggsgartnerhall. I tillegg skal det nå investeres i betydelig oppgradering av undervisningsbygget for teoriundervisning ved avdelinga. Det pågår også utredninger om etablering av et grønt kompetansesenter ved skolen. Med en utvikling der stadig færre elever søker naturbruksutdanning ved Ål vgs, kombinert med framtidig elevtallsnedgang i Hallingdal, synes det nødvendig å samle naturbrukstilbudet ved Rosthaug. I gjeldende skoletilbudsplan er også strategien at «naturbrukstilbudet i Buskerud samles i størst mulig grad som et helhetlig tilbud ved Rosthaug vgs, avd. Buskerud». Er det naturlig å gjennomføre dette nå?

Søking til Musikk, dans og drama har samlet sett over tid gått ned, men viser til skoleåret 2016/17 en liten oppgang. St. Hallvard vgs fikk for få år siden et helt nytt bygg til dette utdanningsprogrammet. Bør hele tilbudet i framtida legges til St Hallvard vgs og tilpasses nedgangen i søking, eller skal det fortsatt tilbys både ved Gol vgs, Kongsberg vgs og Ringerike vgs i tillegg?

Reiselivsnæringen i Hallingdal rekrutterer en del arbeidskraft utenfor Hallingdal, både fast og sesongbetont. Det har tidligere år vært jobbet aktivt fra både reiselivsnæringen, de videregående skolene i Hallingdal og fylkeskommunen for å styrke den lokale rekrutteringen til reiselivet, uten at det har lyktes. Restaurant- og matfag (RM) har lav søking i forhold til volumet på tilbudet. Samtidig melder Hallingdal opplæringskontor om større behov for lærlinger ved hotellene i Hallingdal enn det opplæringskontoret klarer å skaffe innenfor dette utdanningsprogrammet. Er Restaurant og matfag et av kjernetilbudene for arbeidslivet i Hallingdal som må beholdes? Hvordan kan i så fall rekrutteringen styrkes? Bør Restaurant- og matfagtilbudet heller samles ved færre skoler i Buskerud der volumet kan opprettholdes? Hønefoss vgs vil i så fall være nærmeste tilbud for elever i Hallingdal.

Vedlegg: Oversikt over løpende lærekontrakter i Hallingdalsregionen.

Med vennlig hilsen

Stein Morten Øen
ass. fylkesutdanningssjef


Tore Midtbø
rådgiver

Dokumentet er godkjent elektronisk og sendes uten signatur

Vedlegg

1 Oversikt over løpende lærekontrakter i Hallingdalsregionen

Kopi til:
Stein Morten Øen
Sigurd Fjøre





Vår saksbehandler Stein Morten Øen, tlf. 32808624
 Vår referanse 2015/4884-1

UTVALG	UTVALGSSAK	MØTEDATO
Hovedutvalget for utdanningssektoren		19.01.2016

Vedlegg

1 Særutskrift fra drøftingsmøte

Revidering av helhetlig plan for langsiktig skoletilbud - mandat

Fylkestinget vedtok i sak 15/102 å revidere langsiktig og helhetlig plan for skoletilbudet i Buskerud i 2016. Forslag til mandat for arbeidet legges frem til behandling og vedtak.

Forslag

Hovedutvalget for utdanningssektoren godkjenner forslag til mandat for arbeidet med å revidere langsiktig og helhetlig plan for skoletilbudet i Buskerud slik det fremgår i saksfremstillingens konklusjon.

Buskerud fylkeskommune, 31.12.2015
 Jan-Helge Atterås
 fylkesutdanningssjef

Bakgrunn for saken

Fylkestinget fattet slikt vedtak i sak 15/102, pkt 40:

"Langsiktig og helhetlig plan for skoletilbudet revideres i 2016. Sak legges frem for fylkestinget. Det legges opp til en bred og involverende revideringsprosess."

Problemstillinger

Arbeidet med å revidere helhetlig og langsiktig plan for skoletilbudet må sees i nær sammenheng med flere andre vedtatte strategiske planer, herunder investeringsstrategi for skolebygg og Handlingsprogram 2016-2019. Videre vil arbeidet med å revidere planen ha en sammenheng med andre pågående prosesser, blant annet:

- Pågående planleggingsarbeid for å gjennomføre vedtatte investeringer i skolebygg
- En konkret samarbeidsprosess med bedriftene i Næringsparken på Kongsberg

- Oppfølging av fylkesutvalgets innstilling til fylkestinget i HP 2016-19 om at Yrkesopplæringsnemnda skal involveres i prosessen med å utforme regler for garanti om videre skoleplass etter vg1 ved samme skole som eleven har begynt på forutsatt skolen tilbyr hele det aktuelle utdanningsløpet.
- Arbeid med å vurdere muligheten for fleksibilitet i fag- og timefordelingen.

Av hensyn til arbeidet med de nevnte prosesser, og arbeider som igangsettes senere i 2016 som blant annet arbeidet med forslag til Handlingsprogram 2017-2020 , og forslag til dimensjonering av skoletilbudet 2017/18, ville behandling av langsiktig skoletilbud i fylkestingets møte i juni 2016 vært ideelt. Med bred involvering, høringsperiode og formell behandling i flere organer, og frigjøring av tilstrekkelig intern arbeidskapasitet, synes det vanskelig å gjennomføre. Det foreslås derfor at saken behandles i fylkestinget i desember parallelt med Handlingsprogram for 2017-2020.

Forslag til mandat

Mål:

Målet med arbeidet er å revidere gjeldende plan for helhetlig og langsiktig skoletilbud 2014-2017 slik at revidert plan:

- a) Understøtter prinsippene i Kunnskapsskolen i Buskerud.
- b) Gir retning og forutsigbarhet for de årlige dimensjoneringsplaner av skoletilbudet.
- c) Sikrer sammenheng mellom skoletilbud og vedtatte investeringsplaner for skolebygg.
- d) Harmonerer med utdanningssektorens økonomiske driftsrammer på kortere og lengre sikt og bidrar til vedtatte innsparinger i driften.
- e) Legger til rette for samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbud og læringsarenaer.

Premisser/rammefaktorer:

Følgende premisser legges til grunn for arbeidet:

- 1) Opplæringsloven med forskrifter inkludert forskrift om inntak til videregående opplæring i Buskerud fylkeskommune.
- 2) Fylkestingets vedtatte investeringsplaner for skolebygg.
- 3) Fylkestingets vedtatte innsparingskrav i utdanningssektorens driftsramme.
- 4) Elevvekst , og da særlig elevveksten i Drammensregionen som krever kapasitetsøkning etter 2020.
- 5) Nærings- og arbeidslivets behov fremover.
- 6) Kunnskapsskolen i Buskeruds intensjon om at tilbud må kunne dimensjoneres opp eller ned ved en skole uten store behov for utstyr og investeringer.
- 7) Regional plan for Kunnskapssamfunnet.
- 8) Samarbeidsmuligheter med privat og offentlig arbeidsliv.
- 9) Eventuelle nasjonale endringer i tilbudsstrukturen etter Meld. St. 20 (2012-2013) "På rett vei".
- 10) Oppfølgingen av NOU 2015:8 - Fremtidens skole.

Grunnleggende prinsipper:

Det bør være et tilstrekkelig bredt vg1 tilbud i alle regioner slik at flest mulig får tilbud i nærmiljøet. Det må likevel være mulig å vurdere tilbud med synkende søkertall ,og der nærings- og arbeidslivets behov er nedadgående. Det legges til grunn en ulik bredde og et ulikt omfang vg2 tilbud i regionene.

"Temaskoler"/sterke fagmiljøer kan vurderes i regioner der elevgrunnlaget tilsier det, forutsatt at det ikke medfører merutgifter til drift og investering. For å understøtte både elevenes ønsker, nærings- og arbeidslivets behov, og fylkeskommunens strategier og planer for næring, bosetting og utvikling i de ulike regionene i Buskerud, bør det legges til grunn en noe differensiert tenking om skoletilbud i byer og bynære strøk versus skoletilbud i Hallingdal og Numedal. Det skal tilstrebes mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag, og elevenes forutsetninger.

Proessen:

Fylkestinget har forutsatt bred involvering i arbeidet med planen, noe som er viktig for å sikre best mulig forankring av planen før vedtak i fylkestinget. Det foreslås derfor at saken behandles i fylkestinget i desember parallelt med Handlingsprogram for 2017-2020.

Interessenter knyttet til langsiktig skoletilbud kan være mange. De viktigste synes å være: elevene, partene i arbeidslivet, ledelse og ansatte ved de videregående skolene, kommunene, bransjer/bedrifter, offentlige arbeidsgivere. De fleste må være representert i arbeidsgruppen som skal gjennomføre arbeidet.

For å sikre bred involvering gjennom hele prosessen foreslås det bruk av innspillsmøter i en tidlig fase i arbeidet, og formell skriftlig høring fulgt av høringsmøter i den avsluttende fasen av arbeidet. Internt orienteres det jevnlig om status i arbeidet i Yrkesopplæringsnemnda, Hovedutvalget for utdanningssektoren, Hovedutvalget for miljø, innovasjon og næring, og i informasjons- og drøftingsmøte med de hovedtillitsvalgte.

Tidsplan – milepæler:

Januar	Mandat vedtatt i hovedutvalget for utdanningssektoren 19.01. Oppstart arbeidsgruppe, inkl mandatforståelse og nærmere planlegging av arbeidet.
Februar	Fakta- og behovsgjennomgang .
Mars	Analysere og vurdere ulike utfordringer og muligheter.
April	Innspillsmøter. Orienteringssak i IDM, YON, HUU, HUMIN om status i arbeidet.
Mai	Vurdering av innspill opp mot mandatets mål og premisser for arbeidet.
Juni	Utarbeiding av og utsending av høringsforslag til langsiktig plan for skoletilbudet i Buskerud. Muntlig orientering i IDM, YON, HUU og HUMIN om status i arbeidet.
August	Høringsperiode Høringsmøter (1-2).
September	Høringsfrist medio september. Gjennomgang og vurdering av høringsinnspill. Muntlig orientering om status etter høringen i IDM, YON, HUU, HUMIN. Utarbeiding av forslag til langsiktig plan for skoletilbudet med saksfremlegg.
Oktober	Ferdigstillelse av forslag primo oktober. Formell drøfting av forslag med hovedtillitsvalgte.
November	Behandling i Yrkesopplæringsnemnda, hovedutvalget for utdanningssektoren, HUMIN, fylkesutvalget
Desember	Behandling i fylkesutvalget og fylkestinget (saken bør sees i sammenheng med sak om Handlingsprogram 2017-2020).

Organisering av arbeidet:

Arbeidet organiseres med en arbeidsgruppe ledet fra utdanningsavdelingen og sammensatt med representanter fra:

Utdanningsavdelingen (3)

Utviklingsavdelingen (1)

Rektorer (1)

Partene i arbeidslivet – yrkesopplæringsnemnda oppnevner 3 representanter

Hovedtillitsvalgte (1)

Elevrepresentant (1)

Drøftinger

Forslaget til mandat har vært drøftet med de hovedtillitsvalgte i informasjons- og drøftingsmøte 17.12.2015. Særutskrift er vedlagt.

Arbeidsutvalget for Yrkesopplæringsnemnda gav i møte 17.12.2015 følgende råd til fylkesutdanningssjefen om mandatet:

"Arbeidsutvalget er tilfreds med målene, premissene, prosessen for, og organiseringen av arbeidet. Til de grunnleggende prinsipper foreslår Arbeidsutvalget følgende endringer: "Temaskoler/sterke fagmiljøer kan vurderes i regioner". Resten av setningen foreslås strøket. Arbeidsutvalget presiserer likevel at nærhet til utdanning er viktig for rekruttering, og for lokalt arbeidsliv. Arbeidsutvalget understreker viktigheten av at den videregående opplæringen klarer å møte arbeidslivets behov for kompetanse. Arbeidsutvalget foreslår at administrasjonen tilskriver LO, NHO og KS i Buskerud om å oppnevne representanter til arbeidsgruppen som følge av at arbeidet bør startes opp før første møte i Yrkesopplæringsnemnda. "

Fylkesutdanningssjefen velger, som følge av forslagene fra Arbeidsutvalget for Yrkesopplæringsnemnda, å endre mandatets premisser i tråd med arbeidsutvalgets råd. Fylkesutdanningssjefen følger også rådet om å tilskrive utpekte organisasjoner for representasjon i arbeidsgruppen, slik at arbeidet kan starte opp umiddelbart etter behandling av saken. Endret forslag til mandat fremgår under.

Konklusjon

Fylkesutdanningssjefen anbefaler hovedutvalget for utdanningssektoren å godkjenne forslaget til mandat for arbeidet med å revidere helhetlig og langsiktig plan for skoletilbudet slik:

Forslag til mandat:

Mål:

Målet med arbeidet er å revidere gjeldende plan for helhetlig og langsiktig skoletilbud 2014-2017 slik at revidert plan:

- f) Understøtter prinsippene i Kunnskapsskolen i Buskerud.
- g) Gir retning og forutsigbarhet for de årlige dimensjoneringsplaner for skoletilbudet.
- h) Sikrer sammenheng mellom skoletilbud og vedtatte investeringsplaner for skolebygg.
- i) Harmonerer med utdanningssektorens økonomiske driftsrammer på kortere og lengre sikt og bidrar til vedtatte innsparinger i driften.
- j) Legger til rette for samarbeid og samhandling med nærings- og arbeidsliv om utdanningstilbud og læringsarenaer.

Premisser/rammefaktorer:

Følgende premisser legges til grunn for arbeidet:

- 11) Opplæringsloven med forskrifter inkludert forskrift om inntak til videregående opplæring i Buskerud fylkeskommune.
- 12) Fylkestingets vedtatte investeringsplaner for skolebygg.
- 13) Fylkestingets vedtatte innsparingskrav i utdanningssektorens driftsramme.
- 14) Elevvekst, og da særlig elevveksten i Drammensregionen som krever kapasitetsøkning etter 2020.
- 15) Nærings- og arbeidslivets behov fremover.
- 16) Kunnskapsskolen i Buskeruds intensjon om at tilbud må kunne dimensjoneres opp eller ned ved en skole uten store behov for utstyr og investeringer.
- 17) Regional plan for Kunnskapssamfunnet.

- 18) Samarbeidsmuligheter med privat og offentlig arbeidsliv.
- 19) Eventuelle nasjonale endringer i tilbudsstrukturen etter Meld. St. 20 (2012-2013) "På rett vei".
- 20) Oppfølgingen av NOU 2015:8 - Fremtidens skole.

Grunnleggende prinsipper:

Det bør være et tilstrekkelig bredt vg1 tilbud i alle regioner slik at flest mulig får tilbud i nærmiljøet. Det må likevel være mulig å vurdere tilbud med synkende søkertall, og der nærings- og arbeidslivets behov er nedadgående. Det legges til grunn en ulik bredde og et ulikt omfang vg2 tilbud i regionene.

"Temaskoler"/sterke fagmiljøer kan vurderes i regioner. Nærhet til utdanning er viktig for rekruttering, og for lokalt arbeidsliv ved at den videregående opplæringen klarer å møte arbeidslivets behov for kompetanse.

For å understøtte både elevenes ønsker, nærings- og arbeidslivets behov, og fylkeskommunens strategier og planer for næring, bosetting og utvikling i de ulike regionene i Buskerud, bør det legges til grunn en noe differensiert tenking om skoletilbud i byer og bynære strøk versus skoletilbud i Hallingdal og Numedal. Det skal tilstrebes mangfold i elevsammensetningen ved skolene blant annet for etnisitet, kjønn, fag, og elevenes forutsetninger.

Proessen:

Fylkestinget har forutsatt bred involvering i arbeidet med planen, noe som er viktig for å sikre best mulig forankring av planen før vedtak i fylkestinget. Det foreslås derfor at saken behandles i fylkestinget i desember parallelt med Handlingsprogram for 2017-2020.

Interessenter knyttet til langsiktig skoletilbud kan være mange. De viktigste synes å være: elevene, partene i arbeidslivet, ledelse og ansatte ved de videregående skolene, kommunene, bransjer/bedrifter, offentlige arbeidsgivere. De fleste må være representert i arbeidsgruppen som skal gjennomføre arbeidet.

For å sikre bred involvering gjennom hele prosessen foreslås det bruk av innspillsmøter i en tidlig fase i arbeidet, og formell skriftlig høring fulgt av høringsmøter i den avsluttende fasen av arbeidet. Internt orienteres det jevnlig om status i arbeidet i Yrkesopplæringsnemnda, Hovedutvalget for utdanningssektoren, Hovedutvalget for miljø, innovasjon og næring, og i informasjons- og drøftingsmøte med de hovedtillitsvalgte.

Tidsplan – milepæler:

Januar	Mandat vedtatt i hovedutvalget for utdanningssektoren 19.01. Oppstart arbeidsgruppe, inkl mandatforståelse og nærmere planlegging av arbeidet.
Februar	Fakta- og behovsgjennomgang .
Mars	Analysere og vurdere ulike utfordringer og muligheter.
April	Innspillsmøter. Orienteringssak i IDM, YON, HUU, HUMIN om status i arbeidet.
Mai	Vurdering av innspill opp mot mandatets mål og premisser for arbeidet.
Juni	Utarbeiding av og utsending av høringsforslag til langsiktig plan for skoletilbudet i Buskerud. Muntlig orientering i IDM, YON, HUU og HUMIN om status i arbeidet.
August	Høringsperiode Høringsmøter (1-2).
September	Høringsfrist medio september. Gjennomgang og vurdering av høringsinnspill. Muntlig orientering om status etter høringen i IDM, YON, HUU, HUMIN. Utarbeiding av forslag til langsiktig plan for skoletilbudet med

	saksfremlegg.
Oktober	Ferdigstillelse av forslag primo oktober. Formell drøfting av forslag med hovedtillitsvalgte.
November	Behandling i Yrkesopplæringsnemnda, hovedutvalget for utdanningssektoren, HUMIN, fylkesutvalget
Desember	Behandling i fylkesutvalget og fylkestinget (saken bør sees i sammenheng med sak om Handlingsprogram 2017-2020).

Organisering av arbeidet:

Arbeidet organiseres med en arbeidsgruppe ledet fra utdanningsavdelingen og sammensatt med representanter fra:

Utdanningsavdelingen (3)

Utviklingsavdelingen (1)

Rektorer (1)

Partene i arbeidslivet – LO, NHO og KS i Buskerud med en representant hver.

Hovedtillitsvalgte (1)

Elevrepresentant (1)